



Drømmehagen Barnehage AS
Floghaugane 61
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2721 - 19/23573

Saksbehandlar:
Mette Marei Træland
mette.m.traland@meland.kommune.no

16.11.2019

Informasjonsbrev vedrørende godkjenning av friluftsavdeling på Drømmehagen gard

Meland kommune viser til søknad om utviding av godkjenning og driftstilskot til inntil 30 nye barnehageplassar.

I brevet skriv Drømmehagen barnehage at dei har nytta Mjåtveitstø gard til pilotprosjekt i høve friluftsavdeling med godt resultat. Barnehagen vil gjerne fortsetje med denne satsinga.

Barnehagen viser til godkjenning av friluftsavdelinga i 2017. Barnehagen har venteliste men ikkje plass til fleire born då leike og opphaldsarealet ikkje er godkjent for meir enn 690 m². Garden har vore oppgradert på sjølve huset og våningshuset.

Barnehagen har godkjenning frå miljøretta helse frå 2019.

Det er fri etableringsrett for barnehagar men tilskot til drift kan kommunen vurdere når det er barnehagar som er godkjend etter rammefinansiering av barnehagane.

Kommunen har vore i dialog med barnehagen i høve godkjenning i løpet av året. Det har vore opplyst at før godkjenning ligg føre må det verte sendt inn uttale frå miljøretta helse, brann og bygningsetat. Ein vart i møte med styrar våren 2019 einige om å sjå behovet i høve barnehageopptaket 2019.

Kommunen har etterspurd rapport frå brann og bygningsetaten, dette har ikkje vore sendt til kommunen.

I høve barnehagelova skal kommunen godkjenne barnehagar. Kommunen kan stille vilkår for antall barn, barna si alder og opphaldstid.

Før godkjenning ligg føre må kommunen vurdere omfanget av godkjenninga. Ein endra drift på 30 born meiner kommunen vil ha store konsekvensar for drifta totalt.

I samtale med ny eigar hausten 2019 vart det avtala at barnehagen lyt senda inn meir informasjon om den nye barnehageorganiseringa.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen vil difor be om følgjande informasjon vert sendt til kommunen:

- Uttale frå brann og bygningsetaten
- Oversyn over bemanning og organisering av personale og barnegrupper.
- Vedtekter.
- Opphaldstid og alder på borna ein tenker skal nytte Drømmegarden- om det er permanent gruppe eller rullerande gruppe.
- Foto av Drømmehagen gard.

Vi ber barnehagen ta kontakt med kommunen dersom den har fleire spørsmål i høve godkjenninga.

Med venleg helsing

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Drømmehagen Barnehage AS

Floghaugane 61 5918

FREKHAUG